

Beta trafikk-situasjon

19.01.2011



Trafikk-situasjonen i Sandavegen vil no bli betre.

Påbygget som no skal reisast av Nilsen Eigedom for SPAR-butikken vil også utløysa ein betring av trafikk-situasjonen i området.

Situasjonen er ikkje god i dag. Sandavegen er i smalaste laget til at to bilar kan møtast sjølv om begge er personbilar og rygging i området ved butikken kan skapa farlege situasjonar,



[Kjøp av flaskehalsen lengst bak til venstre av kommunen vil bety mye for trafikk-situasjonen.](#)

Dagleg leiar Bente Nilsen opplysar til uskedalen.no at dei har drøfta trafikksituasjonen med kommunen og at ekspertar i Prosjektkonsult jobbar spesielt med trafikken. Eit særleg problematisk punkt - eller flaskehals om ein vil - er det der kommunen sin eigedom grenser mot Sandavegen. Her er det dialog med kommunen om kjøp av nokre meter slik at vegen kan utvidast.

- Det er også viktig å få til ein betre trafikkflyt inn og ut på parkeringsplassen enn i dag, held Bente fram. Trafikken må

kanaliserast slik at han glir betre utan at det oppstår problem eller fare.

Når det så gjelder det planlagte påbygget innrømmer Bente at det er berre tida og vegen hvis dei skal nå målet om fullføring før jul. Prosjektkonsult er igang med å festa prosjektet til teiknebrettet og innpassa nye 400-500 kvadratmeter på eit 1,2 mål stort areal som er kjøpt av Torfinn Myklebust.

Førebels er det for tidleg å presentera ei skisse, men det er klart at påbygget vil bli knytt direkte til bygningen som er der i dag og som har ei grunnflate på 700 kvadratmeter. Butikken blir med andre ord utvida til 1100-1200 kvadratmeter på ei flate.

Truleg blir påbygget noko breiare enn dagens bygg, det kjem til å strekkja seg utover parkeringsplassen mot kyrkja.

- Blir påbygget i 2 høgder?

- Det blir ikkje bustader oppå påbygget slik det er oppå, butikken i dag.

Men av estetiske omsyn vil det bli mønetak og ikkje flatt tak.

Då vil ikkje det nye

bygget skilla seg så mykje frå dagens bygg..

Elles kritiserar ein kunde andre kundar fordi dei har ein tendens til å parkera midt framfor døra og sperra for annan og viktig transport. Dei bør parkera på den rommelege parkeringsplassen og ikkje stå i vegen for til dømes post- og iisbilar, påpeikar kunden.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen